



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
14.11.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/14375 411
Dykkar referanse
«REF»

Kommunar i Hordaland og Hordaland fylkeskommune

Søknad om tilskot til klimatilpassing 2017

Kommunar og fylkeskommunen kan søkje Miljødirektoratet om midlar til tiltak knytt til klimatilpassing i 2017. Søknadsfrist vil vere midten av januar.

Formålet med tilskotsordninga er å gjere kommunane betre rusta til å møte endringane i klimaet. Tilskot skal gå til å auke kunnskap om korleis klimaendringar vil påverke kommunane og til utgreingar om kva tiltak kommunen kan setje i verk for møte klimaendringane. Midlane kan ikkje nyttast til fysiske tiltak.

[Tilskotsordninga](#) vart sett i verk i 2016 og vil etter planen bli vidareført i 2017. Med atterhald om endringar i statsbudsjettet vil ein kunne søkje om midlar også i 2017. Miljødirektoratet vil oppdatere nettsida så snart dette er klart.

Då søknadsfristen vil vere alt i midten av januar, vil Fylkesmannen alt no orientere kommunane om tilskotsordninga, slik at ein kan førebu søknader.

Les meir om tilskotsordninga her:

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/For-offentlig-sektor/Tilskuddsordninger/Tilskudd-til-klimatilpasning/>

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernshjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM